



Kommunal og distriktsdepartementet  
Akersgata 59, 0108 Oslo

**Vår ref.:**  
25/2879

**Saksbeh.:**  
BVI

**Ark.:**  
PLANID-  
2021000252,  
PLANNAVN-  
Områdeplan  
Sulafjellet,  
PLANTYPE-34, K2-  
L12, GBNR-94/441

**Dykkar ref.:**

**Dato:**  
04.02.2025

## Førespurnad frå Sula kommune knytt til sak om områdeplan for Sulafjellet

Sula kommune viser til sak om områderegulering for Sulafjellet- gondolbane, og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si oversendingssak til Kommunal og distriktsdepartementet, 30.08.2024.

### 1. Oppmoding om kontradiksjon og moglegeheit for å kome med merknadar og innspel.

Sula kommune ser at det framleis er korrespondanse med nye innspel knytt til saka, og at desse vert delt med sakshandsamarane. I samband med dette ber kommunen om å få nytte retten til kontradiksjon. Kommunen viser mellom anna til e-post mellom KMDD og innbyggjarar i Sula kommune, av 24. januar 2025, som er vidaresendt til sakshandsamarar som deltok under synfaringa knytt til saka. Dokumentet som ligg ved e-posten er omfattande og inneheld ei rekke påstandar. Ut i frå prinsippet om best moglege opplyste saker jmf. forvatningsloven §17 ønsker vi å kunne kome med tilbakemelding på desse.

### 2. Førespurnad om å opplyse saka ytterlegare

På dette tidspunktet har det blitt sendt høyringsinnspel frå Miljødirektoratet, og Barne og familiedepartementet. Kommunen ser at det er nye forhold ved saka som vert vurdert som mangelfulle, sammenlikna med det Statsforvaltaren i Møre og Romsdal konkluderte med i sin vurdering av saka. Mellom anna har Miljødirektoratet og Barne og familiedepartementet påpeika behovet for ei samfunnsøkonomisk analyse utover det som er belyst i saka. Sula kommunestyre må difor få høve til å vurdere om dei ønsker å få utarbeide ei slik analyse. Dette for å få belyst saka på ein best moglege måte. Sula kommune ber om at saka vert sett på vent til Sula kommunestyre har fått tatt stilling til dette.

**Adresse:**  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

**Telefon:**  
Sentralbord: 70 19 91 00  
Saksbeh: 95022878

**E-post:**  
post@sula.kommune.no  
**Web:**  
www.sula.kommune.no

**Bankgiro:**  
4212.23.28079  
**Skattekonto:**  
6345 06 15317

**Foretaksnr.:**  
964 980 543

Med helsing

Bente Glomset Vikhagen

Kommunedirektør

Turid Kristin Sand Humlen

Ordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*